



Alver Kommune v/landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7378 - 22/79380

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:
17.10.2022

Bygging av landbruksveg - gbnr 113/2 Sirset - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 113/2 Sirset.

I oversendingsbrevet står det at vegen skal vera ein traktorveg som skal leggjast på ein eldre «hesteveg». På eitt punkt må ein steingard flyttast om lag éin meter for å koma fram med traktoren. Den nye endemuren skal byggjast oppatt, og gardflore som ligg i tilknytning til steingarden skal ikkje rørast. Alternativet til å riva steingarden er å leggja om vegen. Den vert då monaleg lengre.

Me kan ikkje sjå at nokon av kulturminna som vert berørte av tiltaket er registrerte verken i Sefrak eller andre kjelder me har tilgjengelege. Gardflore er innteikna på utskiftingskartet frå 1873, medan vegen ikkje er teikna inn der. Det kan bety at vegen er bygd seinare, utan at me sikkert kan slå fast dette.

Me har ingen merknader til tiltaket slik det er skildra i oversendingsbrevet.

Med helsing
Alver kommune, Kulturutvikling, idrett og
frivillighet

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver Kommune v/landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG